



DEN NORSKE KYRKJA

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd tysdag 17.10.23 kl. 17.00 – 19.00 i Gamlebanken i Bjordal.

Tilstades: Sissel Sørebo, Joar Oppedal, Ingunn Østerbo, Camilla M. Ådland, Terje Søreide, Geir Sørebo og sekretær Ann Iren Østerbo.

Fråverande: Kenneth Førde, Alf Magnar Svartemyr, Åge Østerbo, Kjersti J. Søreide og Irene G. Breidvik.

Geir bad to bønner til opning frå I tillit - bønnebok for kyrkjelege råd og utval.

Innkallinga vart godkjent.

Meldingssaker:

- 35/23 Gjennomføringa av kyrkjevalet gjekk greitt. Åshild Osland, Berta M. Svartemyr, Liv –G. Søreide og Sølvi Gunn Kalstad fekk ei ekstrastemme kvar. På møtet i dag skreiv frammøtte medlemmer av det gamle soknerådet + sekretær under på valrapport. Liv- G. utbetaler valfunksjonæra når ho får oversendt midlar til dette formålet.
- 36/23 Kursopplegg for nye sokneråd. «Infofilm om soknets to organer» på adressa: ressursbanken.no/rådsmedlem. 15. nov er det soknerådskurs i Førde, og 23. nov. er det fagdag på Alværa med alle sokneråda i Høyanger kommune, prostene, prestane og kyrkjevevja etter møte i fellesrådet kl. 16.00.
- 37/23 Bispekontoret har no godkjent at ein kan bruke ein diakon i den vakante prestestillinga her. Denne løysinga inneber eit 3-årig prosjekt. Diakon Inger Cesilie Fitje har fått tilbod om 80 % stilling og har takka ja. Ho tek til 1. januar, og blir innsett på nyåret.
- 38/23 Info frå fellesrådet v/Sissel :
Stig J. har sendt invitasjon til biskopen vedrørende 100 - års jubileet til Ortnevik kyrkje. Ein ventar på svar. Diverse kyrkje/gjerde - vedlikehald er prioritert til feiringa. Det må nedsetjast ei jubileumsnemnd i tillegg til arbeidsgruppa som skal arbeide med festskrift.
Sidan Heike Müller ikkje har pedagogisk utdanning enno, må stillinga utlysast. Dersom det ikkje kjem andre søkjarar, kan Heike få fast tilsetjing.
Då det enno ikkje har lukkast å tilsette kyrkjetenar, tek Ann Iren ansvar for ein del av oppgåvene, og får betalt på timebasis fram til juni neste år. Då må soknerådet komme med innspel til fellesrådet om organisering av oppgåvene vidare.
- 39/23 Arne og Ingunn har delt ut Helgestunder nr. 3 i Ikjefjord.

Sakliste

Sak 45/23 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 5. september.

Leiaren hadde ein gjennomgang av nokre av sakene frå sist møte.

Vedtak: Møteprotokoll for 5. sept. vart godkjent.

Sak 46/23 Desse arrangement/tiltak har vi hatt sidan forrige soknerådsmøte :

- T- klubb i gamlebanken for 1.-7. klasse 12. september – 5 barn + Heike og Ann I.
- Myldresamling i Ortnevik 17. sept. vart avlyst - ingen påmelde barn.
- Songstund på Bygdetunet 18. september, 2. oktober og 16. oktober – rundt 20 frammøtte.
- Fin hausttakkefest på Massnes 1. oktober v/ Geir, Anders B., Heike og Camilla - 35 personar.
Utdeling av bøker. Sodd, kaffi/ kake og utlodding. Diverre få born tilstades til å vere ei familiegudsteneste.
- T- klubb i gamlebanken 3. oktober – 6 born + Heike og Ann I.
- Gudsteneste i Bjordal 15. oktober - 13 personar - presentasjon av nytt sokneråd og takk til dei gamle medlemmene.
Peter Jobaggy spelte og Sølvi G. var kyrkjevert.
- Framleis God helg v/Geir Sørebo på nett (worshippinginthenature.com).

Sak 47/23 Samtale om arbeidet i kyrkjelyden

Sissel hadde på førehand laga ein informasjon om kven som har vore medarbeidarar / arbeidsgrupper under soknerådet i seinare tid, og det var drøfting av kva som er hensiktsmessig organisering framover. Halvårsplan vart utdelt. Det var mykje god samtale og idemyldring rundt temaet.

Synspunkt: Klarer vi å engasjere og gje bygdene og menneska noko dei ynskjer?

Vi må våge å tenke nytt, vere oppdatert i tida vi lever i.

Soknerådet kan ikkje gjere alt - det må vere ei arbeidsfordeling.

Vi må fortsette med det som fungerer; vi må satse på julekonsert, song på Bygdetunet og friluftsgudstenester - dette er populært; og der kjem det mange !

Ei forsangargruppe til gudstenester hadde løfta songen, og eit minikor hadde vore fint. Kan vi skape

engasjement / interesse hjå nokon for dette ?

Kan ein kjent artist-konsert arrangerast i høve 100 års jubileet i Ortnevik?

Soknerådet vil gjerne bruke dagsturhytta på Søreide, stavkyrkja til Anders B. og eit opplegg for Ickefjord hadde vore positivt. Vi bør legge opp til meir aktivitet i feriar og når det er fleire folk i bygdene.

Sak 48/23 Kyrkjelydskveld i november?

Vedtak: Det gamle og det nye soknerådet kom fram til at ein vil satse på kyrkjelydskveldar over nyttår.

Sak 49/23 Julekonsert i Ortnevik kyrkje 10. desember kl. 17.00

Vedtak: Kjersti, Åge og Sissel er kontaktpersonar og høyrer med dei som har vore deltakarar tidlegare. I tillegg blir KUL koret med og kanskje kantor i Gulen Peter Jobaggy.

Sak 50/23 Stoff til neste Helgestunder

Sissel er viljug til å halde fram i redaksjonskomiteen for kyrkjelydsbladet.

Vedtak: Soknerådet hjelper til med å ta bilder på arrangement. Geir intervjuar Anders Brekke. Det blir intervju med Inger C. Fitje. Kanskje opning av Åsenhytta på Søreide?

Sak 51 /23 Møteplan vidare.

Vedtak: Neste møte blir torsdag 30. november kl. 17-19 i Gamlebanken. Då blir også Inger C. invitert.

Sak 52/23 Konstituering av nytt sokneråd

Det var skriftleg val :

Vedtak:

Leiar for 1 år - Camilla M. Ådland (einstemmig)

Nestleiar 1 år - Sissel Sørebø (einstemmig)

Val av to representantar til fellesrådet for 4 år - Kjersti J. Søreide og Terje Søreide (einstemmig)

Val av 1. vara til fellesrådet for 4 år - Sissel Sørebø (einstemmig)

Val av 2. vara til fellesrådet for 4 år – Camilla M. Ådland

Sissel Sørebø
Leiar

Ann Iren Østerbø
sekretær

Kopi: Høyanger kyrkjekontor